

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 30.06.2017
Vår ref.: 2017/121-87
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Lavterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom 2017 - turteljarar

Dokumentasjon av turbruk ved å installere fleire teljepunkt vert sett opp som eit nytt punkt under prioriterte prosjekt i retningslinene for tilskotsordninga Lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge i 2017. Alle søknader om tilskot til teljepunkt vart tildelt full søknadssum. Dette vart gjort under føresetnad om deltaking på regional samordning av bruk av teljepunkt. Det er store skilnader både i kva system ein nyttar og pris på utstyr. Rett montering av teljeutstyr i felt er avgjerande for innsamling av gyldig og samanliknbare data. Det er ønskjeleg å samordne for å skape gode modellar i fylket som kan overførast til både andre kommunar og utover fylkesgrensene.

Teljepunkt kan gjennom objektiv måling gje valide tal på kor mange personar som nyttar seg av turstiar, turvegar, sykkelveg, idrettsanlegg, parkar eller attraksjonar i eit område. Med slike data kan ein utforske bruk i høve til faktorar som ver og vind, tidspunkt og årstider og talfeste interessa av dei ulike områda. Å kunne sjå ulike faktorar i samheng med aktivitetsvanar kan vere nyttig informasjon i høve til tilrettelegging, prioritering av områder og gje informasjon om kva tiltak som aukar bruken av områda. Såleis kan teljepunkt vere med å gje ny kompetanse og overføringsverdi til kommunar, organisasjonar og andre aktørar som arbeider med å auke den fysiske aktiviteten i lokalbefolkninga.

Det finst mange typar aktivitetsmålarar med stort spenn i pris. Val av målar må vurderast i samheng med kva ein ønskjer å få ut av data som vert målt. Under finn de kontaktinformasjon til ressurspersonar som har kompetanse om og erfaring med bruk av teljepunkt. Kommunane vert oppmoda til å bruke desse ressursane i dykkar kommunar for å få tips og råd om innkjøp, montering, bruk og anna.

Hordaland fylkeskommune ønskjer at dette skal følgjast godt opp, og det vert lagt opp til ei erfaringssamling hausten 2017 for dei som fekk tilskot til teljepunkt i år. Målet er å dele kunnskap og erfaring for å lage gode modellar og eit godt grunnlag for dei som kjem etter. Det vil kome meir informasjon om ei slik samling etter sommaren.

Med ønskje om ein god sommar,

Eirik Knive
Rådgjevar

Hanne Espe
Spesialrådgjevar



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

KULTUR- OG
IDRETTSAVDELINGA

Ressurspersonar;

Jan Robert Brandsdal, Bymiljøetaten Bergen kommune

Tlf: 917 92 673

E-post: Jan.Brandsdal@bergen.kommune.no

Vegard Gundersen, Norsk institutt for naturforskning (NINA)

Tlf: 405 51 966

E-post: vegard.gundersen@nina.no

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.